



Rikard har det triveleg i nummer 6. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Er du eit vanedyr, Rikard Grutle?
- Kall meg gjerne det, svarar den 72 år gamle bømlingen som har vore påskegjest på Rabben nesten lenger enn han kan hugse og som nesten alltid har budd i hytte nummer 6.



Alltid nummer 6! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var riktignok eitt unnatak for nokre år sidan, då nummer 6 var oppteke og Rikard måtte bu i ei anna hytte. Men han kom da igjennom den påska og. Verten hans, Steinar Myklebust, meiner at bømlingen har vore påskegjest hos han og budd på nummer 6 i nærare 40 år.

Rikard har en fast vane også om sommaren - då tek han inn i leigd hytte i Uvdal i Numedal.
- Eg ringar til Steinar i god tid på førehand for å vera sikker på at hytta er ledig. seier han.

Rikard har det riktig heimekoseleg i nummer 6. Med uhindra fjordutsikt og med friske blomer i glaset sit han i kosekroken og høyrer på radio når uskedalen.no kjem. Men han er klar for sin daglege mosjonstur oppover dalen. Før og særleg då kona levde tok han også gjerne skiene fatt og dei hadde Grønlio som eit fast mål. No er han ikkje lenger så ivrig med skiene sjølv om han har dei med.

Rikard er busett på Rubbestadneset og jobba i transporten hos Wickmann (no Wärtsilä) frå 1967 til 2000. Han har ikke tal på kor mange skipsmotorar han har køyrt frå fabrikk om bord i båtar. Når vi spør kvifor Uskedalen vart den faste påskeferieplassen er svaret rett og slett at det er så trivelig her. Han og kona og også borna trivdes her frå fyrste vitjinga og vart trufaste mot staden. Og Rikard akter å halda fram med å vera like trufast påskegjest - hvis berre helsa held.

Sjølv om vi no skriv onsdag er det ikkje noko stort innrykk av påsketuristar på Rabben. Rikard slår fast at det i alle fall førebels er langt færre enn i fjor, då det ikkje minst var stort besøk av gjestar med campingvognar.
- Men det kjem vel fleire i løpet av dagen, seier bømlingen som fortener ein veteranpris.

Hvis Steinar Myklebust ikkje har nokon slik bør han innstifta ein for det er mange som er trufaste mot Rabben.

Av Ola Matti Mathisen